

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erisfj og Vistdal

Emne: Beit og Brøm

Bygdelag: Vistdal

Oppskr. av: Lævar Endre Strand

Gard: Strand

(adresse): Mikket

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A.

SVAR

1. Slikt for hev voret nytta og brukes
ennå mannjamt. Ein kallar
det enten "beit" eller "bröt".
Ein nyttar bjørk, selje, alm og
rogn.
2. Ein kallar det å "laka beit"-eller
"å ganga på brötskog".
Beit og bröt bærer ein heim i
kipeband - eller drag det på
kjelke.
3. Beit av bjørk kan takast heile
vinteren, men bröt av alm sel-
je og rogn tek ein når det er
koma save i beiet og når selje
hev fått dunnungar - altså um
vårparten. Når man køyre heim
vinterved tek man heile bröts-
hogg so av beita heime i tünnet
eller hugger beita frå når me
hugger veden.
4. Når ein tek "beit" nyttar me ein
sterk sigd - arbeid til det förr
föremål. "Bröt" brytes oftast av
sudet mens det stend på rot eller

sidan det er nedhogd.

5. Beit og brót er det berre kyrne som fer. Til sauene tek me búske av selje eller rogn og setur inn i fjósset. Dei et av knúppane og greg leggen aldeles snau for bork. Sauene er svært optekne med dette og vert rolege etterpå. Beit og brót vert eke einare - ikkje finhakka.

6. Tek me meir beit enn me nyttur til dagen, so ligg dei i ein haug ved vedskotet eller ved fjósdøra ute. Beita må ikkje turkast.

Der dei hev geit - i Eikesdal f. eks. og på Gauprør i Vistdal - so sløppe dei geitene ut heile ^{vinteren}, og so gjing dei tilskogs og et knúppar og greg bork av ymse slags tre.

7. Den skikken hev vert spürt om kjennes ikkje hev i bygdelene.